



KOPI

landbruk Laila Bjørge  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/3448 - 23/48646

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:  
20.06.2023

## Spørsmål om fjerning av steingard - gbnr 428/141 Kvalheim nedre

Viser til spørsmål om fjerning av nokre meter steingard på gbnr 428/141Kvalheim nedre.

Flyfoto frå tidleg 1960-talet viser at steingarden gjekk så og seia samanhengande frå Kobbevågen til Makrelvågen. Dei første om lag 175 metre steingard frå Kobbevågen og austover markerer grensa mellom Øvre Kvalheim og Nedre Kvalheim. Steingardar som er plasserte i grensa mellom to matrikkelgardar er ofte blant dei eldste steingardane i området, og er også eit historieforteljande element ved at den viser kvar grensa mellom desse to matrikkelgardane gjekk. Vår vurdering er på bakgrunn av dette at denne steingarden bør få stå. Om den vert halden vedlike kan den fungera som ein kvalitet på eigedomen.

Eg har fått stadfesta frå byggesaksavdelinga at om de ynskjer å riva steingarden er dette eit søknadspliktig tiltak (utan ansvarsrett) då steingardar er spesifikt nemd i føresegnene for kommunedelplanen for Radøy under punkt 2.15.3. Vurderinga baserer seg på kjent informasjon som var med førespurnaden ved innsending.

Om de har spørsmål som gjeld evt søknad, må de kontakta byggesaksavdelinga på [byggesak@alver.kommune.no](mailto:byggesak@alver.kommune.no).

Me beklager at det har tatt så langt tid før du fekk svar!

Med helsing  
Alver kommune, Kulturutvikling, idrett og  
frivillighet

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
landbruk Laila Bjørge

Postboks 4

5906

FREKHAUG

**Mottakarar:**  
Bygger'n Stevnebø

KOPPI